


Protokollar

1995

Styre og

Rep. skap for

VØR



MØTEBOK REPRESENTANTSKAP I VØR

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 4/6-96 kl. 17.30 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ingrun Humberset

Einar Flø

Kai Raaberg

Ivar Aarskog (for Ola Perry Saure)

Johanna Bjørdal (for Hilde Tømmerbakk)

Øyvind Bjørdal (for Petra Humberset)

Ove Lid

Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste. Leiar bad om å få handsame to saker i tillegg til utsende sakliste.

R-sak nr: 03/96: Årsmelding og rekneskap 1995

Styreleiar og driftsleiar gjekk igjennom rekneskapen for 1995, og det vart spesielt gjort merksam på avvikande føring på inntektssida frå kommunane.

Representantskapet gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Representantskapet i VØR godkjenner rekneskapen og årsmeldinga for 1995 med mindre endringar.

Ein ber om at det vert lagt fram eit eige rekneskap for utvidinga av Miljøstasjonen.

R-sak nr.: 4/96: Løysingar for grovavfall

Reinhaldsverket fekk i byrjinga av 1995 krav til utbetringar av deponiet i Alida, eventuelt finne nye løysingar for avfallsfraksjonar som skal gå til deponi. Det vart sett frist til 1. januar i 1997 for bruk

av deponiet slik det er i dag. Den nye situasjonen som kan oppstå etter 1. januar har ikkje vore oppe som sak hverken i styre eller representantskap.

Status og konsekvensar for mottak og plassering av avfall til deponi må utgreiast snarast.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i Reinhaldsverket ber styre og administrasjon om snarast å lage ei utgreiing om

situasjonen for avfall til deponi.(Grovavfallsituasjonen) Utgreiinga bør ta for seg ulike løysingar og

fordelar/ulempar og kostnadane med dei. Dette gjeld også ei evtuell mellombels løysing, dersom dette

skulle verte naudsynt.

Utgreiinga skal samordnast med arbeidet med avfallsplanen men prioriterast i høve til anna arbeid med den.

Framlegget/vedtaket vert å sende over til kommunane til orientering og eventuell kommentar.

R-sak nr: 5/96: Utarbeiding av avfallsplan.

Kommunane er pålagde å utarbeide avfallsplan, som skulle ha vore ferdig handsama i kommunane i 1995. Kommunar som enno ikkje har sendt inn sine planar til fylkesmannen kan rekne med reaksjonar frå SFT.

Det er naturleg at Reinhaldsverket tek del i arbeidet med avfallsplanen for dei to kommunane, og sidan det enno ikkje har kome oppmoding frå kommunane om korleis og kven som skal gjere arbeidet vil Representantskapet kome med eit framlegg til kommunane:

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i Volda/Ørsta Reinhaldsverk viser til at utarbeiding avfallsplan er ei lovpålagd oppgåve for kommunane. Til å utarbeide ein slik plan vert det nedsett ei arbeidgruppe med slik samansetning:

- Ein representant frå administrasjonen i kvar kommune.
- Ein representant frå styret og ein frå representantskapet i Reinhaldsverket.
- Ein representant for dei tilsette.

Dagleg leiar i Reinhaldsverket vert sekretær for gruppa. Kvar "etat" peikar ut sin representant.

Kostnadane med arbeidet skal delast likt mellom dei to kommunane når arbeidet er ferdig.

Representantskapet ber kommunane slutte seg til framlegget eller gjere vedtak om ein annan måte.

Møtet heva kl. 21.00.

Ref. Kjetil Årøen



REPRESENTANTSKAPET MØTEBOK

Det vart halde møte i representantskapet onsdag 24/10-95.

Desse møtte:
Ingrun Humberset
Marit Tranvåg
Einar Flø
Ingrid Opedal
Lars Tunheim
Anne Lise Fredly

Ove Lid
Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

R-sak nr.10/95: Godkjenning av låneramme.

Representantskapet drøfta dei ulike postane, og vedtok samrøystes framlegget frå leiar i representantskapet. Vedtaket lyder:

Representantskapet vedtek samrøystes framlegget frå leiar i representantskapet:

Representantskapet søker Volda og Ørsta kommunar om å ta opp eit lån - stort kr. 955.000,- i samsvar med vedlagte låneramme. Dette med utgangspunkt i styret sitt framlegg til låneopptak på kr. 900.000,- og utgreiing frå driftsleiar om tilleggs-kostnad for traktor på kr. 55.000,-. Representantskapet rår kommunene å nytte Kommunalbanken med lånevilkår på 5,35 % rente.

Søknaden om lån skal leggest fram for kommunane i lag med framlegget til budsjett og gebyrsatsar.

R-sak nr. 11/95: Framlegg til renovasjonsforskrifter

Representantskapet drøfta dei ulike paragrafane i framlegget, og kom med merkander etter gjennomgang av kvart punkt.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet oppnemner fylgjande nemnd til å gå gjennom eit endeleg oversendingsframlegg til kommunane:

Einar Flø
Lars Tunheim
Ingrid Opedal
Ove Lid
Kjetil Årøen

Nemnda har mynde til å gjennomarbeide forskriftene og vurdere kva framlegg som bør nyttast.

Endringar som representantskapet krev endra:

§ 7 og §10, krav til oppsamlingseining, og betalande einingar.

Møtet heva kl. 22.00.

Ref. Kjetil Årøen

REPRESENTANTSKAPET MØTEBOK

Det vart halde møte i representantskapet onsdag 28/6-95.

Desse møtte:

Ingrun Humberset
Magnar Bergheim
Marit Tranvåg
Einar Flø
Ingrid Opedal
Lars Tunheim
Kjell Inge Bjørke

Ove Lid
Kjetil Årøen

Leiar ynskte velkomen, og bad om å få godkjent ei eiga saksutgreiing som vedlegg til saka.
Det var ikkje merknader til dette.

R-sak nr.09/95: Anaerobt handsamingsanlegg.

Leiar las gjennom tillegget til saksutgreiing.
Saka vart grundig drøfta, og fylgjande framlegg til vedtak vart lagt fram:

Frå Einar Flø:

Representantskapet i Volda og Ørsta Reinhaldsverk er samd i at eit anaerobt anlegg er framtidsretta løysing for handsaming av det våte organiske avfallet, og at bygging av eit slikt anlegg vil løyse mange oppgåver og problem som ein alt har og ser vil kome i avfallshandteringa. Plassering av anlegget fører til at ein ikkje får nytta ut energien på ein økonomisk god måte.

Representantskapet går i mot bygging av eit anaerobt anlegg før ein har fått ei tilfredstillande løysing for handtering av grovavfallet, og godkjenning av eit framtidig deponi og betre dokumentasjon av inntektene frå det anaerobe anlegget.

Representantskapet vil ikkje legge saka fram for kommunestyra før saka er sett i samanheng med andre oppgåver selskapet skal løyse og meiner at dette må gjerast i samband med at avfallsplanen for kommunene skal reviderast i år.

Framlegg frå styret med tillegg av punkt 2 (Ingrid Opedal):

1.

Representantskapet i VØR sluttar seg til vedtaket om å bygge 1. byggetrinn av det anaerobe anlegget innanfor dei rammene som kjem fram i rapporten for forprosjektet (26 millionar kroner). Føresetnaden er at den statlege støtta vert som budsjettert, og at leverandør av anlegget stiller med garanti for driftsstabilitet og funksjon.

2.

Representantskapet føreset vidare at arbeidet med kjeldesortering og gjenvinning/gjenbruk av grovavfall held fram parallelt med planlegginga av det anaerobe anlegget.

J. A. H.

Det vart røysta over framlegga, og framlegget frå styret med tillegget fekk seks mot ei røyst (Einar Flø)

Framlegget frå leiar fekk ei røyst (Einar Flø).

Møtet heva kl. 19.45.

Kjetil Årøen

Ingunn Aed Humbert. Kari Lage Björke

MØTEBOK REPRESENTANTSKAPET

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 14/6-95 kl. 20. Motet vart halde på Viking Fjord Hotel.

Desse møtte:

Lars Tunheim
Ingrid Opedal
Ingrunn Humberset
Einar Flø
Marit Tranvåg

Ove Lid
Kjetil Årøen

Det vart stilt spørsmål om innkallinga kunne godkjennast. Det var ingen merknader til dette.

Sak nr. 07/95: Kontrakt for tomtekjøp.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet godkjenner framlegget til kontrakt mellom K.A. Aurstad as og Volda Ørsta Reinhaldsverk om kjøp av tomt, med dei endringar som skrivne i revidert utkast. Finansiering i samsvar med tidlegare vedtak.

Sak nr. 08/95: Tomteplan

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet sluttar seg til styret sitt vedtak om å bestille utgraving etter teikning nr. 341-01 og teikn nr. 341-02. I tillegg ferdigstilling av mur etter teikning 341-03.

Utgravinga mot skogsvegen må godkjennast av teknisk etat i Ørsta, og må vurderast på staden når kvaliteten på massa er nærmare vurdert. Dette for å hindre eventuell konflikt med brukarar av vegen.

Arbeidet vert finansiert med 169.100,- kroner frå lån til sorteringsanlegg grovavfall, og det skal skrivast eiga avtale som kjem i tillegg til kontrakta som gjeld kjøp av området.

*Kontrakta er teken i samsvar med vedtak i sak 07/95
Lars Tunheim, Einar Flø*

MØTEBOK REPRESENTANTSKAPET

Det vart halde møte i representantskapet tysdag 9/5-95 kl. 1700 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Harald Tømmerbakk

Marit Tranvåg

Kjell Inge Bjørke

Arnstein Sandvik

Einar Flø

Lars Tunheim

Martin Brune

Kjetil Årøen

Det vart bedt om å endre møtetidspunktet til kl. 18.00. Det vart og bedt om at det vart lest betre korrektur på papir som vert utsendt.

Møtet vart innleidd med ei orientering frå driftsleiar om status pr. i dag og planar i nær framtid.

Sak nr. 04/95: Årsmelding og rekneskap for 1994.

Representantskapet gjekk gjennom årsmelding og rekneskap. Det var ikkje særskilte merknander til innhald i årsmeldinga. Ein del spørsmål vart stilt om einskildpostar i rekneskapen.

Samrøystes vedtak lyder:

Representantskapet i VØR sluttar seg til styret sitt vedtak og godkjenner årsmelding og rekneskap for 1994 under føresetnad av endeleg godkjenning frå revisjonen.

Sak nr. 05/95: Utbygging av adm. bygg.

Representantskapet drøfta korleis best løyse sjølve gjennomføringa av bygginga. Det var semje om at det er eit sterkt behov for utviding av personalrom og kontor.

Samrøystes vedtak:

Representantskapet godkjenner styret sitt framlegg til vedtak som lyder:

Styret vedtek å starte bygging av tilbygg kontor. Prosjektet skal finansierast med lån stort kr. 500.000,- (jmf. låneramme i sak 07/95), og resten med egne midlar.


Styret godkjenner at firma Ivar Aambakk as får oppdraget med oppføring for kr. 869.659,- inkl mva. Byggeleingi vert utført av firma Anders Digernes as.

Sak nr . 06/95: Ymse

Representantskapet ynskte å få tilsendt framlegga til nye forskrifter som skal ut på høyring.

Møtet heva kl. 19.20.

ref. Kjetil Årøen



Martin Brune

MØTEBOK I REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR tysdag 140295.

Desse møtte:

Marit Tranvåg
Ingrunn Humberset
Anne Lise Fredly
Einar Flø
Ingrid Opedal
Lars Tunheim
Magnar Bergheim

Ove Lid
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknadar til innkalling, sakliste. Det var ikkje merknadar til refferat frå forrige møte.

R-sak nr. 03/95: Låneramme 1995.

Representantskapet fekk ei lita orientering om kvifor ein ynskjer å låne etter ei låneramme. Det vart og orientert om nye reglar innan for opptak av lån i særbedrifter innan kommunane.

Samrøystes vedtak vart gjordt:

Representantskapet søker Volda og Ørsta kommunar om å ta opp lån etter vedlagte låneramme. Total sum kr. 6.790.000,-, til vilkår som gitt i tilbod frå Kreditkassen avd. Volda med nominell rente 5,75 %.

Representantskapet bed om at planane som gjeld tomtekjøp, administrasjonbygget og grovavfallsorteringa vert lagde fram for representantskapet til godkjenning/orientering før oppstart .

LÅNERAMME:

PROSJEKT:	LÅNET ID:	LÅNESUM:
1. Dunkheis	5 år	250.000,-
2. Tomtekjøp	40 år	2.000.000,-
4. Administrasjonsbygg	20 år	500.000,-
5. Kjeldesorteringsutstyr	10 år	555.000,-
6. Sortering grovavfall	20 år	3.000.000,-
SUM(BUDSJETT):		6.305.000,-

TILLEGG TIL BUDSJETT:	LÅNE TID	LÅNESUM:
TILLEGGSUM, TOMTEKJØP	40 år	400.000,-
VINSJ, R1	8 år	85.000,-

Møtet heva kl. 19.15.

Ref. Kjetil Årøen

Lars Tunheim *Marit Tranvåg*

MØTEBOK I REPRESENTANTSKAPET I VØR

Det vart halde møte i representantskapet i VØR torsdag 12/1-95.

Desse møtte:

Inger Petrine Valseth
Ingrunn Humberset
Anne Lise Fredly
Einar Flø
Ingrid Opedal
Jakob Koppen (vara for Lars Tunheim)

Det var ikkje merkander til innkallinga.

Det var merknad til referat frå siste møtet. Dette vert retta og sendt ut på nytt.

Sak nr. 01/95. Lånopptak til prosjektering av fjernvarmeanlegg.

Samsrøystes vedtak lyder:

Representantskapet vedtek samrøystes å søkje eigarkommunene om eit låneopptak stort 280.000,- kroner til forprosjektering av mulig fjernvarmenett, og utarbeiding av anbudsgrunnlaget for det totale anaerobe anlegget.
Representantskapet tilrår at lånopptaket vert gjort i Kreditkassen avd. Volda etter vilkår gitt i tilbod datert 12/1-95 (5,75% nominell rente over ti års nedbetaling).

Ein ber om at styret forhandlar fram ein kontrakt med konsulenten der ein får fram dei opplysningane som trengst for å gjere ei endeleg vurdering om oppstart av den totale løysinga. Representantskapet ber vidare om å få informasjon etterkvart som prosjekteringa skrid fram (t.d. kopiar av rapportar o.l).

Sak 02/95: Ymse

Ingrid Opedal bad om å få ei orientering om korleis administrasjonen vil handtere vedtaket om redusert gebyr ved bruk av eigenkompostering.

Vidare orienterte driftsleiar om stoda på registreringsrunda. Det vart referert til ein del tilbakemeldingar som er komne frå abonnentane.
Dette resulterte i ein diskusjon, utan nokon konklusjon på kva retning ein må legge seg på i framtidige og forhåpentlegvis betre forskrifter.

Representantskapet oppmodar styret snarast råd sette igang arbeidet med nye reglar som tek meir omsyn til behovet for den einskilde.
Framlegget til nye forskrifter bør framleggast for kommuestyra i løpet av 1. halvår 95.

Møtet heva kl. 19.20.

Kjetil Årøen

Anne-Lise Fredly
Inger P. Valseth.

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 19/12-95 kl. 14.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid

Ingrid Opedal

Geir Hole

Kjetil Standal (vara for Jorunn Austreheim)

Magnar Lid (nyvald tillitsmann i VØR)

Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak nr. 64/95: Avtale med Norsk Gjenvinning

Styreleiar orienterte om bakgrunnen for denne avtalen.

Tilrådinga til vedtak vart samrøystes vedteke, og med små endringar lyder det:

Styret i VØR vedtek å skrive ein avtale med Norsk Gjenvinning på inntransport av papp frå næringar med utgangspunkt etter vedlagte kontrakstrframlegg.

Sak nr. 65/95: Forskrifter

Ein tok ein nøyse gjennomgang av forskriftene. Det nye styret kom med framlegg til mindre endringar og formuleringar. Desse vert med saka vidare.

Styret tok orienteringa til vitande.

Sak nr. 66/95: Ymse

Det vart drøfta om korvidt ein bør reparere den eldste bilen vår (78- mod) til godkjend stand.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å nytte inntil 20.000,- kroner på reparasjon av R2 (bremsar + rust).

Vidare vart innkjøpet av traktor drøfta. Det dryg ut med godkjenning av låneramma, men styret gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR gir administrasjonen løyve til å kjøpe inn ein brukt traktor innanfor dei rammene som er sette. Løyvet føreset at ein forhandlar seg fram til ein avtale der ein har atterhald om finansiering.

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 22/11-95 kl. 13.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid

Grete Botn (vara for Ingrid Opedal)

Geir Hole

Kjetil Standal (vara for Jorunn Austreheim)

Per R. Mork

Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Styreleiar bad om å få handsame tre ekstra saker. Det var ikkje merknader til det.

Sak nr. 59/95: Handsaming av gebyr og budsjett for 1996.

Styret drøfta ulike budsjettpostar.

Geir Hole presenterte fylgjande endringar i framlegget til vedtak:

Styret i VØR vedtek å halde hushaldningsgebyret på same nivå som 1995. Dei reduserte inntektene vert delvis finansiert ved kutt på overtidsposten (post 5030) med totalt kr 173.000,- kroner.

Samla overskot vert då kr. 321.772,- kroner.

Framlegget frå Hole fekk fire røyster, framlegget frå administrasjonen fekk ei røyst (Per R. Mork).

Vedtak:

Styret i VØR vedtek fylgjande gebyr for 1996, og rår representantskapet å gjere likelydande vedtak:

Hushaldningsgebyr	1230,-
Skvett`n	40,-
Grovavfall	80,-
SUM HUSHALDNINGSGEBYR:	1350,-
Gebyrreduksjon for heimkompostering	200,-
Gebyr pr. ekstra sekk, hushaldningar	27,-
Gebyr pr ekstra sekk/kolli næringar	36,-
Gebyr for næringar	1735,-
Gebyr for usortert grovavfall	200,-/m3
Gebyr for sortert grovavfall	110,-/m3
Gebyr for avfall levert på vekt	1340,-/tonn

SLAM:	
Gebyr for ein husstand (pr. tøming)	1200,-
Gebyr for to husstandar (pr. tøming)	1538,-
Gebyr for tre husstandar (pr. tøming)	1924,-
Gebyr pr. m ³	200,-

Sak nr. 60/96: Fri i jula

Driftsleiar la fram forslag til å ta fri to dagar i romjula. Dette vert avrekna mot feriedagar (ein feriedag). Ein må ordne det slik at det ikkje vert meir enn to veker mellom kvar henting.

Styret sa seg samd i dette.

Sak. nr. 61/95: Budsjettendringar?

Driftsleiar ynskte det nye styret sitt syn på budsjettpostar som mot slutten av året syner seg å ikkje halde og eventuelt gjennomføre budsjettendringar etterkvart. Det er spesielt på drift og vedlikehaldspostar dette er aktuelt. Styret meinte at dersom ein totalt sett hadde dekning på budsjettet, og at innkjøp utover rammene vart drøfta med styreleiar, var det dette grieit.

Sak nr. 62/95: Kjøp av traktor, finansiering.

Ein syner her til tidlegare vedtak om kjøp av «ny» traktor innanfor rammene som er i gitt. Driftsleiar drøfta med styret om ein kunne forsvare å fullfinansiere ein dyrare maskin ved hjelp av ein «leasing»-avtale. Styret meinte at ein no må få på plass det ein skal «styre» med og kva behov ein har på sikt, før ein går til innkjøp av spesialreiskap. I mellomtida bør ein satse på lett omsetleg utstyr, og rår administrasjonen å vurdere ein vanleg gardstraktor.

Sak nr. 63/95: Søknader om fritak.

Fylgjande samrøystes vedtak vart gjort:

Else Karin Ose Ørstavik:	Avslag, huset har mest sansynleg WC og kjem dermed inn under definisjonen «hovedhusvære».
Einar Sporstøl:	Avslag på med den grunngjevinga at det er to hus som er i bruk.
Jarle Hommelhaug:	Styret syner til tidlegare vedtak i saka, og held fast på det standpunktet.
Karsten Myklebust:	Styret syner til svar datert 13/95, og støttar forkalringa i dette brevet.
Albert Aarsnes:	Medhald i klage.

Møtet heva kl. 15.45. Ref: Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 171095 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid

Kai Raaberg

Hans Ryste

Svanhild Myklebust

Per R. Mork

Einar Flø

Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak nr. 55/95: Framlegg til forskrifter

Det vart presentert eit framlegg til reviderte forskrifter for Volda og Ørsta kommunar. På grunn av at det står att mykje å avklare når det gjeld differensiering, så vel ein å sjå på dette framlegget som den første etappa.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner framlegget til nye forskrifter for renovasjon i Volda og Ørsta kommunar med dei endringar som er nemnt under drøftinga. Styret rår representantskapet å gjere tilsvarande vedtak.

Sak nr 56/95: Erstatningskrav for tap av kle.

Ein syner her til vedtak i sak nr.53/95, der det vart vedteke å dekke inntil 3000,- kroner av kravet på 5000,- kroner. Styret drøfta saka på nytt på bakgrunn av brev datert 12/10-95 frå Mona og Per Egset. Styret meiner at VØR må innrømme noko feil i og med at det vart henta ein «ikkje gyldig» sekk frå eigedomen (renovasjonssekk utan «blomen»). Samtidig meiner fleirtalet i styret at dersom VØR hadde fått melding om tapet då det vart oppdaga (same dag), kunne VØR ha gjort tiltak for å finne att sekken. Ein syner her til liknande saker der VØR har tømt bilane på vaskeplassen og funne att ting.

Det vart gjort røysting over to framlegg til vedtak:

a)

VØR erstattar kravet frå Mona og Per Egset i si heilheit (5000,- kroner) for tap av div. artiklar.

b) Styret i VØR syner til vedtaket i sak 53/95, og tilbyr 3000,- kroner i erstatning til Mona og Per Egset for tap av div. artiklar.

Framlegg a) fekk ei røyst (Per Mork).

Framlegg b) fekk fire røyster.

Sak nr. 57/95: Bilgodtgjerdse til Per R. Mork

Per R. Mork fremja eit krav om dekking av bilhald. Saka gjeld av Mork delvis nyttar privatbilen sin i jobben (på anlegg) og dette har i fylgje Mork ført til nedsarving av bilen. Styret drøfta saka og gjorde fylgjande vedtak:

Styret i VØR vedtek å yte godtgjering på kr. 10.000,- til Per R. Mork for dekking av bilhald i teneste. Summen gjeld bilhald t.o.m. 1995. I tillegg får Per R. Mork dekt kilometerkosnad etter staten sine takstar som tidlegare og skal ha godgjordt for «køyning av verkty» også for tidlegare kørde kilometer i 1995.

Sak nr. 58/95: Ymse

Driftsleiar orienterte om forhandlingane med Norsk Gjenvinning om innsamling av papp frå næringane i Volda og Ørsta. I påvente av avklaring her rådde driftsleiar til å utsette kjøpet av presse (jmf sak 51/95). Styret sa seg samd i vurderinga.

I og med at dette var det siste møtet med dette styret, nytta styreleiar høve til å takke styret for samarbeidet som har vore interssant og lærerrikt.

Møtet heva 19.35.

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 031095 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid

Kai Raaberg

Hans Ryste

Svanhild Myklebust

Einar Flø

Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak nr. 49/95: Revidert budsjett 1995.

Styret gjekk igjennom dei endringane som er gjorde. Det vart bemerka at ein trass investering i todelt bil ikkje ser effekta på lønskostnadane. Ein må også i budsjettet vere meir realistisk med omsyn til kostnader og vedlikehald av bilar og utstyr.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner framlegget til revidert 1995 budsjett. Ein syner vidare til vedtak i sak nr. 50/95 som gjeld låneopptak, og gjer merksam på at denne låneramma er med i det reviderte budsjettet for 1995.

Sak nr 50/95: Søknad til kommunen om låneopptak.

I framelegget til revidert 1995 budsjett var det lagt ved ei ny låneramme. Delar av desse låna er lån ein tidlegare hadde tenkt å ta over drifta, men etter oppmoding frå revisor bør VØR berte likviditeten i selskapet. Låneramma vart godkjendt med tillegg av 180.000,- kroner for kjøp av traktor.

Samrøystes vedtak lyder :

Styret i VØR etterkjem oppmodinga frå revisor om å betre likviditeten i VØR, og vedtek med dette å be representantskapet søkje kommunen om lån etter vedlagte låneramme. Total lånesum er kr.900.110,- fordelt over 9 postar.

PICK-UP	100.000
DATAMASKIN	28.000
DATAPROGRAM	50.000
HØGTRYKK-SPYLAR	25.000
KONTOR	300.000
INNBU	60.000
ØLJESKILLAR	50.000
TRAKTOR	167.400
TINGLYSINGSGEBYR	60.000

SUM kr. 840.400,-

Investeringsavgift (7%) kr. 58.828,-

Total lånesum kr. 900.000,-

Sak nr. 51/95: Innkjøp av presse til kartong / plast.

Driftsleiar orienterte styret om korleis ordninga med innsamling av drikkekartong er tenkt gjennomført.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å kjøpe inn ei presse til karong/papp/plast. Innkjøpsramma vert sett til 65.000,- kroner, og midlane vert tekne frå tidlegare innvilga låneramme (kjeldesorteringsutstyr).

Sak nr. 52/95: Ymse søknader om fritak.

Driftsleiar ba styret uttale seg generelt i dei tilfella det er den eine bueinga i eit hus normalt står tomt, men vert nytta til overnattingar i feriar og høgtider, eller at delar av leiligheita vert nytta som soverom av familimedlemmer. Styret synte til tidlegare vedtak som gjeld feriehus der det er sagt at inntil ei (1) overnatting får fritidshusstatus (ikkje tomt hus og heilt fritak).

På bakgrunn av dette vart fylgjande samrøystes vedtak gjort:

Styret i VØR vedtek at hus med to bueingar der den eine kun vert nytta sporadisk, eller at bueinga er delvis i bruk av familiemedlemmer (soverom/oppfallsrom), skal reknast som «fritidsbueining» og vert rekna som halv gebyreining.

Sak. 53/95: Krav om erstatning.

Driftsleiar las brevet frå Mona og Per Egset der dei kravde erstatning for tapte kle/utstyr etter liste. Styret meinte at det var gjort ein feil frå VØR i og med at det vart teke med ein ikkje gyldig sekk (dei gamle sekkane til VØR). Styret meinte også at det er grunnlag for ei viss avkorting i høve til kravet, og gjorde fylgjande samrøystes vedtak:

Styret i VØR vedtek å betale ut inntil kr. 3000,- kroner i erstatning til Mona og Per Egset for tap av div. artiklar.

Sak nr. 54/95: Drøfting om framtidige forskrifter.

Driftsleiar orienterte styret om dei svara (tre stk) som er komne inn på den høyringsrunda som var sendt ut til alle grendalag og interesseorganisasjonar. Styret meinte at ein i første omgang burde konsentrere seg om å få utarbeidd eit betre grunnlag når det gjeld betalande einingar. Denne definisjonen vert truleg ein variant bygd på dagens modell, og definisjonen bør verte «grunngbyr-definisjonen» når vi utvidar til å differensiere etter mengde.

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.

Sak nr. 55/95: Drøfting om framdrift anaerob.

Driftsleiar orienterte om stoda, og reffererte brev frå rådmannen i Volda der han ber om ein del avklaringar rundt prosjektet. Styret meinte at svar på desse spørsmåla og tidlegare oversendte «sakspem» burde vere tilstrekkelig for handsaming i styre og representantskap.

Møtet heva kl. 19.35.

Ref. Kjetil Årøen.

REVIDERT BUDSJETT 1995

UTSKRIFT 13.03.96

KONTO	VOLDA ØRSTA REINHÅLDSVERK KONTONAMN	AVDELING 1		AVDELING 2		AVDELING 3		AVDELING 4		AVDELING 5		AVDELING 0	
		HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPECIALAVF.	SLAM	SUM						
3010	Sal av sekkar, Volda	-39.000	-399.000										-438.000
3011	Sal av sekkar, Ørsta	-22.880	-172.200										-195.080
3020	Hushaldningsgebyr, Volda	-3.477.825											-3.477.825
3021	Hushaldningsgebyr, Ørsta	-4.182.000											-4.182.000
3022	Forretningsgebyr, Volda		-193.800										-193.800
3023	Forretningsgebyr, Ørsta		-384.200										-384.200
3030	Avgift, kulli - Volda		-252.700										-252.700
3031	Avgift, kulli - Ørsta		-106.190										-106.190
3032	Avgift levert avfall på vekt, Volda		-328.900										-328.900
3033	Avgift levert avfall på vekt, Ørsta		-510.900										-510.900
3040	Avgift grovavfall, Volda			-268.784									-268.784
3041	Avgift grovavfall, Ørsta			-267.371									-267.371
3042	Gebyr grovavfall, husstandar Volda			-226.200									-226.200
3043	Gebyr grovavfall, husstandar Ørsta			-272.000									-272.000
3044	Gebyr, spesialavfall Volda					-113.100							-113.100
3045	Gebyr, spesialavfall Ørsta					-136.000							-136.000
3050	Gebyr, slam Volda												-
3051	Gebyr, slam Ørsta												-
3060	Sal av stativ	-146.250	-16.250										-162.500
3070	Sal av kompostbingar	-67.600											-67.600
3071	Utleieinntekter, maskin			-4.000									-4.000
3080	Sal av bleier	-10.000											-10.000
3090	Sal av papir	-22.500	-22.500										-45.000
3095	Sum diverse inntekter	-10.492	-10.492	-10.492									-52.462
**													
3411	Inntekt plastinnsamling												-
**													
4010	Kjøp av sekkar	225.000	-										225.000
4020	Kjøp av stativ	130.500	14.500										145.000
4030	Kjøp av kompostbingar	67.600											67.600
**													
5010	Faste løner	1.580.903	439.140	109.785	43.914	21.957							2.195.699

REVIDERT BUDSJETT 1995

UTSKRIFT 130396

KONTO	KONTONAMN	HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPECIALAVF.	SLAM	SUM
5020	Ekstrahjelp	355.800	88.950				444.750
5030	Overtid	143.371	20.482	40.963			204.816
**							
5290	Påløpte feriepengar	198.832	56.809	14.202	8.521	5.681	284.045
**							
5310	Møtehonorar	14.840	2.756	2.120	1.060	424	21.200
5311	Møtekostnader	10.640	1.976	1.520	760	304	15.200
**							
5410	Arbeidsgjevaravgift	216.705	61.916	15.479	9.287	6.192	309.578
5411	Arb.gj.avg. av påløpte feriepengar	21.474	6.135	1.534	920	614	30.677
5420	Pensjonspremie	79.326	22.665	5.666	3.400	2.266	113.323
5421	Pensjonspremie, egenkapital	21.000	3.900	3.000	1.500	600	30.000
**							
5610	Sjukepengar, refusjon	-35.000	-6.500	-5.000	-2.500	-1.000	-50.000
5620	Feriepengar, refusjon	-3.500	-650	-500	-250	-100	-5.000
**							
5710	Kursutgifter	14.000	2.600	2.000	1.000	400	20.000
**							
5910	Sosiale kostnader	3.500	650	500	250	100	5.000
5911	Bedriftshelsetenesta	10.780	2.002	1.540	770	308	15.400
5913	Kommunal opplæring	1.260	234	180	90	36	1.800
5920	Garanti/ulukkestrygging personar	12.460	2.314	1.780	890	356	17.800
**							
6010	Transport Grautneset	290.500	124.500				415.000
6020	Transport glas	23.400	2.600				26.000
6030	Transport spesialavfall				90.370		90.370
6031	Transport grovavfall			45.000			45.000
6040	Transport slam					-	-
6060	Transport papir	21.600	2.400				24.000
**							
6110	Straumutgifter	18.760	23.450	4.690			46.900
6150	Forbrenning, Grautneset	2.149.700	921.300				3.071.000
6151	Levering av papir/papp	40.500	4.500				45.000
6180	Kommunal avgifter	14.000	2.600	2.000	1.000	400	20.000
**							

REVIDERT BUDSJETT 1995

UTSKRIFT 13.03.96

KONTO	KONTONAMN	HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPECIALAVF.	SLAM	SUM
6220	Grunnleige, Alida			1.250		1.250	2.500
6230	Lagerleige	37.030	10.580	2.645	2.645		52.900
6270	Reinhold	35.560	6.604	5.080	2.540	1.016	50.800
**							
6310	Innleige maskin/arbeidshjelp	33.000	8.250	41.250			82.500
6311	Innleige konteinarar	3.900		35.100			39.000
6430	Innbu og utstyr	1.500	1.500	1.500	500		5.000
6431	Maskiner/teknisk utstyr	3.300	3.000	3.000	500	200	10.000
6432	Kjeldesorteringsutstyr	15.000	5.000	2.500	2.500		25.000
6433	Kostnad papirinnsamling	1.400	600				2.000
6440	Kostnad EDB	7.500	3.000	1.500	1.500	1.500	15.000
6460	Diverse materiell	6.000	3.000	3.000	2.250	750	15.000
6480	Verne og arbeidskle	29.750	5.525	4.250	2.125	850	42.500
**							
6510	Vedlikehald, Miljøstasjon	93.500	16.500				110.000
6520	Vedlikehald, maskiner/utstyr	10.500	3.150	3.150	2.100	2.100	21.000
6530	Vedlikehald, slamdeponi		200			1.800	2.000
6540	Vedlikehald, grovavfallsdeponi	3.400		13.600			17.000
**							
6610	Revisjon	7.000	4.725	3.500	1.750	525	17.500
6620	Rekneskap	19.600	13.230	9.800	4.900	1.470	49.000
6630	Administrasjonsskostnader	8.400	5.670	4.200	2.100	630	21.000
6640	Konsulentonorar	9.450	2.700	1.350			13.500
**							
6710	Kontorutgifter	14.000	9.450	7.000	3.500	1.050	35.000
6720	Gebyr, betalingsformidling	2.000	1.350	1.000	500	150	5.000
6760	Aviser/tidsskrift	1.073	667	870	290		2.900
**							
6810	Telefon	20.000	10.000	10.000	5.000	5.000	50.000
6850	Porto	4.500	4.500	3.000	1.500	1.500	15.000
6890	Andre driftsutgifter	-	-	-	-	-	-
**							
6910	Vedlikehald R2, UE	39.313	6.938				46.250
6911	Vedlikehald R4, UE	-	-				-
6912	Vedlikehald R5, UN	21.750	3.625	7.250	3.625		36.250

REVIDERT BUDSJETT 1995

UTSKRIFT 13.03.96

KONTO	KONTONAMN	HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPECIALAVF.	SLAM	SUM
6913	Vedlikehald R3, UE	87.559	15.452				103.010
6914	Vedlikehald R6	71.196	12.564				83.760
6915	Vedlikehald R1,	98.184	17.327				115.510
6916	Vedlikehald R7 (Toyota)	6.400	3.200	3.200	1.600	1.600	16.000
6917	Vedlikehald R10	79.059	13.952				93.010
6918	Vedlikehald R8 (traktor)	8.625	5.750	8.625		5.750	28.750
6919	Vedlikehald R9 (Åkermann)	16.200	4.050	56.700		4.050	81.000
6920	Vedlikehald R11	14.160	4.720	2.360	1.180	1.180	23.600
6940	Avgifter/trygder, bilar	63.295	21.098	10.549	5.275	5.275	105.492
**							
7010	Reise, kost, representasjon	11.550	6.300	2.100	1.050		21.000
7020	Diettgodtgjerdsl	1.650	900	300	150		3.000
7030	Kilometergodtgjerdsl	1.830		6.405	915		9.150
7060	Fergeutgifter	49.000	14.000		7.000		70.000
**							
7100	Øreavrunding MVA						
**							
7310	Informasjon	16.500	16.500	13.750	5.500	2.750	55.000
7320	Prosjekt tøybleier	-					-
**							
7410	Kontigent, KS	4.810	3.900	2.600	1.300	390	13.000
7420	Kontigent NRF	2.072	1.680	1.120	560	168	5.600
7430	Gåver	740	600	400	200	60	2.000
**							
7510	Forsikringar, bygg	10.294	1.930		643		12.868
7570	Skadeerstatning	7.000	6.000	6.000	1.000		20.000
**							
7610	Prosjektmidlar	-	-	-	-	-	-
**							
7810	Avskriving anlegg	170.250	102.150	68.100			340.500
7811	Avskriving bilar	321.775	91.936	22.984	22.984		459.678
7812	Avskriving grovavfall			350.000			350.000
7813	Avskriving slam					20.000	20.000
7814	Avskriving,spesialavfall				84.000		84.000
7815	Avskriving, kjeldesorteringsutstyr	-	-				-

REVIDERT BUDSJETT 1995

UTSKRIFT 13.03.96

KONTO	KONTONAMN	HUSHALDNING	FORRETNING	GROVAVFALL	SPECIALAVF.	SLAM	SUM
7816	Avskrivning Åkermann/traktor	10.600		42.400			53.000
7817	Avskrivning, konteinarar	45.920	11.480				57.400
7818	Avskrivning, inventar	3.400	3.400	3.400	3.400	3.400	17.000
7819	Avskrivning, anaerob	9.000	6.000			15.000	30.000
**							
8080	Renteinntekter bank	-200	-200	-200	-200	-200	-1.000
8110	Ymse renter / morarenter	20	20	20	20	20	100
8120	Renter / provisjon kassakredit	10.000	10.000	10.000	10.000	10.000	50.000
8121	Renter på lån, anlegg	153.975	92.385	61.590			307.949
8122	Renter på lån, bilar	124.031	62.015	10.336	10.336		206.718
8123	Renter på lån, grovavfall slam	13.035		16.294		3.259	32.587
8124	Renter på lån, gravemaskin/traktor	1.508		6.032			7.540
8125	Renter på lån, diverse	1.493	498				1.990
8126	Renter på lån, papirkonteinar	-	-				-
8127	Renter på lån, kjeldesorteringsuts.	3.922	436				4.357
**							
8312	Statstilskot, papir	-	-				-
8320	Tilskot nyanlegg	-8.000	-4.000			-8.000	-20.000
**							
8880	Arsresultat	-511.320	59.900	68.471	98.128	112.537	-172.283
8881	Avsetning til fond, hushaldning						
8882	Avsetning til fond, forretning						
8883	Avsetning til fond, grovavfall						
8884	Avsetning til fond, spesialavfall						
8885	Avsetning til fond, slam						
**							
8891	Inntekt frå fond, hushaldning						
	Inntekt frå fond, forretning						
	Inntekt frå fond, grovavfall						
	Inntekt frå fond, spesialavfall						
	Inntekt frå fond, slam						
8899	SUM BUDSJETT (avdelingsvis)	-511.320	59.900	68.471	98.128	112.537	

DEI SPESIFISERTE KOSTNADANE GIR FYLGJANDE GEBYR:									
1	HUSHALDNINGSGBYR			1230					
	SKVETTN			40					
	GROVAVFALL			80					
	SUM HUSHALDNINGAR			1350					
2	PRIS PR KOLLI/SEKK, HUSST.			-26					
3	GROVAVFALL (PR. M3)			157					
4	GEBYR FOR NÆRINGAR			1700					
5	PRIS PR. TONN LEVERT VØR			1300					
6	PRIS PR KOLLI, NÆRING			-35					
7	SLAM:								
	GEBYR FOR EIN HUSTAND			1200					
	GEBYR FOR TO HUSSTANDAR			1538					
	GEBYR FOR TRE HUSSTANDAR			1924					
	PR. M3			200					
	BEREGNINGSGRUNNLAG GEBYR								
	HUSHALDNINGAR:								
	SUM UTGIFTER AVDELINGSVIS			7.148.505	899.700	1.102.826	347.228	112.537	9.610.797
	INNTEKTER GEBYR			-7.659.825	-839.800	-1.034.355	-249.100	-	-9.783.080
	KONTROLL			-511.320	59.900	68.471	98.128	112.537	

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 050995 kl. 17.00 på Miljøstasjonen:

Desse møtte:

Ove Lid
Kai Raaberg
Hans Ryste
Bjørn Øren

Einar Flø
Gunn Velle
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling og sakliste.

Sak nr. 42/95: IK-handboka VØR

Styret drøfta internkontrollen generelt.

Framlegget til vedtak samrøystes vedteke, og lyder:

Styret i VØR godkjenner IK-handboka for VØR med dei instruksar som er presenterte. Arbeidet med internkontroll i praksis skal vere i gang innan 18. september (veke 38). Driftsleiar vert sett som systemansvarleg, og kompletterer handboka etter behov i samråd med verneombodet og øvrige tilsette.

Sak nr. 43/95: Tillegg for utgraving av masse.

Styreleiar og driftsleiar orienterte om stoda, og saka vart utsett til det er endeleg avklaring med masseplasseringa.
Orieteringa vart teken til etterretning.

Sak nr. 44/95: Drøfting om systemvalg (bil).

Styret tok orienteringa til vitande, og bad administrasjonen å arbide vidare med planen om å investere i ein kombinasjonsbil for transport til Ålesund og innsamling av avfall. Eventuell investering kan først skje på neste års budsjett.

Sak nr. 45/95: Prioritering av arbeidsoppgåver.

Styret drøfta saka og gjorde fylgjande vedtak:

Styret sa seg samde i at administrasjonen prioriterer arbeidet med abonnementsregister. Ein skal og ta til med lønsføring når ein har valgt programvare og fått naudsynt opplæring i det. Førning av rekneskapen skal takast over når ein finn det forsvarleg tidsmessig, men inn til vidare skal dette først av Voldaregneskap.

Sak nr. 46/95: Tilvisningsmynde, førstesekretær

Samrøystes vedtak lyder:

**Styret i VØR gir Gunn Velle mynde til å tilvise innanfor VØR sitt budsjett og signere giroar til banken saman med styreleiar eller driftsleiar. Dette mynde gjeld ikkje for saker som gjeld hennar person.
Styret forutset at vedtaket vert godkjendt av revisjonen.**

Sak 47/95: Diverse fritak

Det vart presentert ein del konkrete problemstillingar der ein finn det vanskeleg å gi eintydige svar. Dette gjeld m.a. dei tilfella der eldre personar kun nyttar bueinga til opphald og soveplass. Dei får mat andre stadar og i dei fleste søknadane er det pleitregande eldre dette gjeld.

Det vart gjort fylgjande vedtak:

Styret i VØR har ikkje mynde til å gi fritak for renovasjon på grunnlag av sjukdom, til pleietregande osv. Handhevinga av renovasjonsforskriftene går på bueingar i bruk og t.d. overnatting vert definert som bruk. Dersom det skal vikast frå dette er det formannskap og/eller kommunestyre som har det mynde.

Sak nr 48/95: Ymse orienteringar.

Driftsleiar orienterte om stoda på:

- glasinnsamling
- pairinnsamling
- innsamling av drikkekartongar
- anaerob prosjekt

Styret tok ei kort synfaring på nybygget og arbeidet som vert gjort på tomta.

Møtet heva 19.15.

Kjetil Årøen

9.2 INSTRUKS FOR FØRSTESekretÆR

1. Førstesekretæren er tilsett av styret og rapporterer til driftsleiar.
2. Til stillinga ligg ansvaret for m.a.:
 - føring av rekneskap og løn
 - ajourhald av abonnementslister
 - fakturering av gebyr og tenester
 - sekretærarbeid for driftsleiar, eventuelt for styret / representantskap ved driftsleiar sitt fråvær.
3. Førstesekretær har saman med oppsynsmannen nestleiarfunksjon i VØR. Ved lengre fråvær av driftsleiar (ferie, sjukdom, permisjon), har førstesekretæren ansvaret for administrativ leiing av VØR.
4. Førstesekretæren skal legge til rette for og syte for ei forsvarleg føring rekneskap og løn etter norsk standard. Førstesekretæren skal ved årsslutt avslutte årsrekneskapen og i samarbeid med driftsleiar legge det fram for handsaming i styre og representantskap. Dette arbeidet skal gjerast innanfor tidsfristar sett av styret.
5. Førstesekretæren skal delta aktivt i utarbeiding av budsjett. Førstesekretæren pliktar jevnleg eller på spørsmål frå driftsleiar / styre legge fram oversyn over økonomine i VØR.
6. Førstesekretær har tilvisningsmynde innanfor reinhaldsverket sitt budsjett. Unnateke dette er bilag som gjeld førstesekretæren som person eller bilag som er attesterte av førstesekretæren. Desse skal t ilvisast av driftsleiar eller styreleiar.
7. Førstesekretæren pliktar å stille på møte i styre eller representantskap dersom dette vert bedt om.
8. Førstesekretæren er ein del av administrasjonen i VØR , og kan påleggast andre oppgåver dersom ein finn det tenleg.
9. Førstesekretæren må finne seg i dei endringane styre / representantskap måtte gjere i denne instruksen.

MØTEBOK

Det vart halde styremøte i VØR tysdag 20/6-95 kl. 1700 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Kai Raaberg
Hans Ryste

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling. Det var ikkje sendt ut referat frå forrige møte, og godkjenninga vert utsett til neste møte.

Sak nr. 40/95: Anaerobt handsamingsanlegg.

Styreleiar starta saka med å gå gjennom rapporten frå arbeidsgruppa avsnitt for avsnitt. Det vart stilt ein del spørsmål, og leiar i representantskapet la fram eit skriv med ein del spørsmål. Det vart svart muntleg på desse så langt som råd, men styret bad driftsleiar om å drøfte dette nærmare i ei saksutgreiing til representantskapet.

Etter gjennomgang av rapport og generell drøfting, vart det i tillegg til tilråding lagt fram eit forslag til vedtak (Hans Ryste):

Det må skaffast fram avtalar som dokumenterer pårekna inntekter. Saka vert utsett til slike avtallar ligg føre.

Styret røysta over dei to framlegga, og det vart gjordt vedtak (4 for 1 mot, Hans Ryste) i tråd med framlegget i saksutgreiinga:

Styret i VØR vedtek å bygge ut 1. byggetrinn av det anaerobe anlegget innanfor dei rammene som kjem fram i rapporten for forprosjektet (26 millionar kroner). Styret forutset at den statlege støtta vert som budsjettert, og at leverandør av anlegget stiller med garanti for driftsstabilitet og funksjon. Styret sender vedtaket over til representantskapet i VØR, med tilråding om likelydande vedtak.

Sak nr.41/95: Diverse søknader om fritak.

Det var oversendt ein søknad til 2. gongs handsaming i styret frå formannskapet i Ørsta.

Søknad frå Jens Kåre Engeset som gjeld g.nr.58, b. nr. 9 i Ørsta.

Fylgjande samrøystes vedtak vart gjort:

Syver Engeset (Jens Kåre Engeset): Avslag på søknad om fritak/reduksjon for renovasjon/slam

Jarle Hommelhaug godtek ikkje svar frå driftsleiar (delegert mynde), og ynskjer søknaden handsama i styret. Søknaden gjeld g.nr 1 b.nr 5 i Ørsta.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret syner til søknad datert 14. juni og søknad datert 9/12-94, der vanskar med veg vert nytta som grunngeving for søknaden. *Styret i VØR innvilgar ikkje fritak for renovasjon for g.nr.1 / b.nr.5 i Ørsta kommune.*

Styret vil etter nærmare vurdering av veg, og avstand til køyrrar veg, vurdere om ein skal innvilge eit redusert gebyr på grunnlag av «eigeninnsats» ved framsetting av sekk. Dette i tråd med tidlegare vedtak i saker som gjeld stor avstand til køyrbar veg.

MØTEBOK VØR

Det vart halde styremøte i VØR tysdag 23.05.95 kl. 16.45 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Svanhild Myklebust
Kai Raaberg
Bjørn Øren (for Per Mork)

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling, sakliste eller møtebok.

Sak nr. 33/95: Fritak for «hybel».

Fylgjande samrøystes vedtak vart gjort:

Styret i VØR tolkar §5 i forskriftene slik at: hus som i tillegg til eit hovedhusvære inneheld ein eller fleire hyblar, og leigearalet er frå 150 m² og meir, skal ha to gebyr.

Sak nr. 34/95: Tomteplan

Styret gjer fylgjande vedtak:

Styret vedtek å bestille utgraving som skissert i saksutgreiing . Dette arbeidet vert finansiert med 166.100,- kroner frå lån til sorteringsanlegg grovavfall.

Sak nr. 35/95: Søknader om fritak

Det var oversendt to søknader om fritak til ny handsaming i styret. Fylgjande samrøystes vedtak vart gjort:

Leif Vartdal: To bueiningar. Avslag på søknad.

Oddny og Knut N. Mo: Tvil om to bueiningar. Innvilga fritak.

Sak nr. 36/95: Fellesmøte anaerob

Styret drøfta trongen for eit større fora å drøfte endeleg avgjerd om bygging av det anaerobe anlegget. Fylgjande samrøystes vedtak vart gjort:

Styret i VØR vedtek å kalle inn til eit fellesmøte med representantskapet for å ta stilling til det anareobe anlegget i fellesskap.

Sak nr. 37/95: Differensiering av gebyr

Styret synte til tidlegare vedtak, og bad driftsleiar om å sende ut dei framlegga som ligg føre til høyring til grendalaga i Ørsta og Volda. Framlegget frå rådmannen i Ørsta skal og vere med i denne utsendinga.

Sak nr. 38/95: Ymse.

Styret sa seg villeg til at dei tilsette kunne ta sekkeutleveringa på kveldstid, som ein akkord. Det er opp til administrasjonen å vurdere kva løysing som løner seg for VØR.

Sak nr. 39/95: Kontrakt mellom K.A. Aurstad og VØR.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret godkjenner framlegget til kontrakt mellom K.A Aurstad AS og Volda Ørsta Reinhaldsverk. Framlegget fyl som vedlegg til møteboka.

Ref. Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde styremøte i VØR onsdag 19/4-95 kl .1700 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Kai Raaberg
Hans Ryste

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkallinga.

Det vart bedt om at det vart gjort endringar i vedtaksteksten i sak nr. 25/95. Søknad.....

Sak nr. 27/95: Forskrifter VØR

Styret drøfta ulike berekningsmåtar for differensiering av renovasjonsgebyret. Drøftinga enda opp i fylgjande samrøyses vedtak:

Styret i VØR vedtek å sende ut til høyring tre alternativ på beregning av renovasjonsgebyret. Driftsleiar skal utarbeide eit forslag basert på persontal, og styreleiar sitt framlegg på antal sekkar. I tillegg kjem framlegg frå Lars Tunheim som definerer eit grunngebyr. Svarfrist 1. juni.

Sak nr. 28/95: Stillingsinsruks

Fylgjande samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR godkjenner instruksen for stillinga om førstesekretær i VØR (vedlegg til møtebok). Stillinga vert i lønstrinn 18, med ny vurdering nå stillinga også dekker føring av løn og rekneskap.

Føring av rekneskap og løn skal vere overteke innan 1/1-96.

Sak nr. 29/95: Ymse

Styreleiar og driftsleiar orienterte styret om fylgjande saker:

- framdrift anaerobe-prosjektet
- melding om avvikling/oppgradering av grovafallsdeponiet i Alida
- planar for innsaming av papp frå næringslivet
- mulig modell for ryddeaksjon 95
- tilbod renovering av Eid, Stryn og Hornindal kommunar

Styret tok orienteringa til vitande, og sa seg samd med administrasjonen om framgangsmåten .

Møtet vart heva kl. 19.

Kjetil Årøen
ref

MØTEBOK

Det vart halde styremøte i VØR på miljøstasjonen tysdag 21/3-95, kl. 1700.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Kai Raaberg
Hans Ryste

Kjetil Årøen

Det var fylgjande merknader til møteboka :

I sak nr. 20/95 skal fylgjande tillegg inn:

Styreleiar Ove Lid har stemmerett på vegne av VØR i generalforsamlinga i NRF.

I sak nr. 17/95 skal fylgjande korigering gjerast:

Frode berge er tilsett i 66,67% stilling i VØR.

Sak nr. 23/95: Tilsetting i av kontormedarbeidar.

Styret drøfta saka utfrå dei feil ein har gjordt i handsaminga av denne saka. Dette er avdekt gjennom samtalar med Kommune-forbundet og KS.

For at det skal vere samsvar mellom stillingstittelen og lønsramma, gjorde styret fylgjande vedtak:

Del 1.

Styret i VØR vedtek å endre stillingstittelen frå *kontormedarbeidar* til *førstesekretær*. Styret vurderte om ein på grunn av endringa over skal utlyse stillinga på nytt, men etter ei nærmare vurdering seier styret seg meir enn fornøgd søkarane og finn ingen grunn til ny utlysing.

Eit utval la fram fylgjande innstilling til stillinga :

1. Gunn Velle
2. Solveig Grimstad Hansen
3. Kjellfrid Osdal

Del 2.

Styret i VØR vedtek å tilsette Gunn Velle i stillinga som *førstesekretær* i VØR. Stillinga vert plasert i lønsramme 7 , og Velle tek til i l.tr. 17. Det skal utarbeidast instruks for stillinga som skal leggst fram for styret. Styret vil ved ein gjennomgang av instruksjonen vurdere om ein skal endre lønsrammeplasseringa.

Sak nr. 24/95: Kjøp av tomt

Styret gjer om inkje vedtak i sak nr. 37/94 og gjer fylgjande vedtak:

Styret i VØR vedtek å gå inn på ei midlare løysing når det gjeld kjøpet av g.nr 52 b. nr. 213 (jmf. skriv frå KA Aurstad AS datert). Styret byd KA Aurstad AS 575.000,- kroner for tomta (10 da a kr 40,-/m² + 5 da a kr 35,-/m²). Vidare byd VØR 1.800.000,- kroner for opparbeidinga som er allereie utført med fylgjande tillegg: Utfylling av «hole» på tomt samt muring av 100 m² mur mot veg (utfyllingsmassen skal takast av vollen mellom tomtene).

VØR skriv kontrakt med KA Aurstad AS med fylgjande føresetnadar: At tilbodet over vert akseptert av selgar, og at låneopptaket vert godkjend i kommunene og hjå fylkesmannen.

Styret oppnemner Svanhild Myklebust, Ove Lid og Kjetil Årøen til å utarbeide eit kontraktsforslag for kjøpet.

Sak nr. 25/95: Søknad frå Magnar Lid

Per Mork stilte spørsmål om han var ugild i saka, men resten av styret var samd om at Mork kunne vere med i handsaminga.

Samrøystes vedak lyder:

Styret finn ikkje grunn til at dette skal få tilbakeverkande kraft. Styret syner ellers til vanleg praksis i VØR når det gjeld berekning og utbetaling av overtidsgodtgjerdsle.

Sak nr. 26/95: Søknader om fritak.

VØR har fått oversendt kopi av søknad om fritak frå formannskapet i Volda.

Samrøystes vedtak lyder:

Oddvin Berknes: Avslag. Tvungen renovasjon.

Møtet heva ca. 19.00

Kjetil Årøen

MØTEBOK VØR

Det vart halde styremøte i VØR tysdag 070395 kl. 17.00 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Per R Mork
Svanhild Myklebust
Kai Raaberg
Hans Ryste

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling, sakliste eller møtebok.

Styreleiar bad om å få handsame fleire saker i møtet (frå sak 17 ogutover).

Sak nr. 15/95: Tomtekjøp

Fylgjande vedtak vart gjort:

Styret oppnemner Ove Lid, Svanhild myklebust og Kjetil Årøen til å forhandle med Ørsta kommune om tomtekjøp. Styret ynskjer snarleg avklaring om tomtespørsmålet.

Sak nr. 16/95: «Tilsettingsnemnd»

Styret drøfta framgangsmåten på tilsettinga.
Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR oppnemner fylgjande nemnd til å vurdere søknadane:

Ove Lid
Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Kjetil Årøen

Nemnda skal kome med ei innstilling til styret, og styret skal gjere den formelle tilsettinga og lønsplassere stillinga.

Sak nr. 17/95: Tilsettingar, Bård johansen og Frode Berge.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å tilsette Bård Johansen og Frode Berge som renovatørar i stillingskode 6014. Berge vert tilsett i 66,67% stilling. For begge stillingane gjeld lønsramme 1, og løn etter ansenitet.

Sak nr. 18/95: Klagehandsaming, renovasjon.

Det var oversendt 6 klagesaker i tillegg til ei orienteringssak frå kommunene til 2. gongs handsaming i styret.

Følgjande vedtak vert gjordt:

VOLDA:

Johs. A. Reite: Fritak for gebyr nr. 2 under førestnad at husvære nr. 2 står tomt.

Olav Ullaland: Avslag . Renovasjonen er ei tvungen ordning.

Johan Mjeltevik/

Åsmund Kyrkjeide: Alternativ løysing med konteinar og redusert gebyr. Kan dei dokumentere annan godkjend avfallshandsaming? (jmf. § 4 i forskriftene).

ØRSTA:

Steinar Nossen: Avslag. Evt. fritak på sosialt grunnlag?

Randulf Aarset: Avslag. Tvungen renovasjon for fritidsbustad (1/2 gebyr)

Oddrunn Engeset Myklebust: Avslag. To bueningar, leigeareal over 150 m2.

Sak nr. 19/95: Orientering rekneskap 94.

Driftsleiar orienterte styret om årsresultatet for 1994. Årest syner eit positivt resultat, og rekneskapen vert no sendt over til revisor.

Sak nr. 20/95: Utsending avfallskonferanse / generalforsamling NRF

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å sende Ove Lid og Kjetil Årøen til generalforsamling i NRF og avfallskonferansen på Lillehammer 26. til 28. mars. Ove Lid har stemmerett på vegne av VØR i generalforsamlinga i NRF.

Sak nr. 21/95: Antal gebyr på bufellesskap

Styret drøfta korleis ein skal rekne gebyr for bufellesskap/burettslag. Foreløbig konklusjon er at der det er sjølveigarleiligheter skal det vere eitt gebyr pr. bustad. Der det er eit leigeforhold (næring) er dette ikkje eit krav. Ein vil ta dette opp til vurdering i dei nye forskriftene som skal utarbeidast i 95.

Sak nr. 22/95: Søknad frå Knut B. Aarset

Styret i VØR har motteke ein søknad frå Knut B. Aarset om støtte til utbygging på Kleppeåsen.

Følgjande vedtak vart gjordt:

Styret i VØR har ikkje sett av «sponsormidlar» på 1995 budsjettet, og kan av den grunn ikkje imøtekomme søknaden.

MØTEBOK VØR

Det vart halde møte i styret i VØR tysdag 7/2-95 kl. 1700.

Desse møtte:

Per R. Mork
Svanhild Myklebust
Ove Lid
Kai Raaberg

Einar Flø
Kjetil Årøen

Utsett sak nr. 01/95: Kontorhjelpstillinga.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret vedtek å lyse ut stillinga som kontormedarbeidar i VØR . Utlysingsteksten vert som vedlagt.

Sak nr. 07/95: Låneramme 95

Samla vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å presentere lånebehovet for 1995 i ei total låneramme, og rår representantskapet til å godkjenne framgangsmåte, og søke kommunene om løyve til å ta opp lån på denne måten.

LÅNERAMME:

Prosjekt:	Lånetid:	Lånesum:
1. Dunkheis	5 år	250.000,-
2. Tomtekjøp	40 år	2.000.000,-
4. Administrasjonsbygg	20 år	500.000,-
5. Kjeldesorteringsutstyr	10 år	555.000,-
6. Sortering grovavfall	20 år	3.000.000,-
SUM (Jmf. Budsjett 95):		6.305.000,-

Tillegg til budsjett:	Lånetid:	Lånesum:
Tilleggsom, tomtekjøp	40 år	400.000,-
Vinsj, R1	8 år	85.000,-

Vilkår er som synt i tilbod datert 12/1-95 frå Kredtkassen, avd. Volda (5,75 % nominell rente, og «individuelle» nedbetalingstider.

Sak nr. 08/95: Grovavfall frå private.

Det vart ikkje gjort vedtak i denne saka. ein tek att diskusjonen i samband med utarbeiding av nye forskrifter for VØR.

Sak nr. 09/95: Internkontroll.

Styret drøfta arbeidet så langt, og meinte at ein kunne arbeide vidare på den «desten» som er presentert.

Sak nr. 10/95: Tilsetting av Birger Breivik.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å tilsette Birger Breivik i fast stilling frå 1/1-95. Breivik vert lønplasert som spesialarbeidar i lønsramme 1.2 ltr. 15.

Sak nr. 11/95: Kontrakt, konsulent «kontorbygg».

Samrøystes vedtak lyder:

Styret vedtek å nytte firma Anders Digernes AS til å utarbeide anbudsgrunnlag for utviding av kontorbygget til VØR. Dette utfrå tilbod datert 070295 på sum kr. 16.600,- kroner.

Sak nr. 12/95: Kontrakt med Lars M. Fugledal AS.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å sette opp fylgjande arbeidsgruppe til å utarbeide eit kostnadsframlegg der ein tek omsyn til alle punkt som må fram både når det gjeld kostnader og inntening av anlegget:

**Ove Lid
Einar Flø
Kjetil Årøen**

Sak nr. 13/95: Klagesak oversendt frå Ørsta formannskap.

Styret drøfta den formelle gangen i ei klagesak, og kom fram til fylgjande konklusjon:

Styret har i fylgje «Forskrifter for renovasjon for Volda og Ørsta kommunar» fått delegert mynde til å handheve dei vedtekne forskriftene. Vidare har styret delegert mynde til driftsleiar å ta dei daglege avgjerdene, også når det gjeld søknader om fritak, der ein kan støtte seg til tidlegare praksis og vedtak. I saker der ein manglar tidlegare/liknande vedtak skal driftsleiar drøfte dette med styret før ein svarar på klager / søknader.

Med dette som utgangspunkt ser styret det slik at eit 1. gongs avslag er eit endeleg avslag utfrå gjeldande reglar. Dersom abonnenten likevel skal få fritak, må gjeldande forskrifter overprøvast, og styret i VØR har ikkje mynde til dette.

(Det er formannskap og kommunestyre som har mynde til å overprøve og /eller lage nye reglar.)

Styret er vidare av den oppfatning at dersom endringar i reglar skjer i eit budsjettår, og at endringa medfører reduserte inntekter for VØR i høve til budsjettet, må kommunen dekke dette over andre postar (jamfør fritak på sosialt grunnlag).

Sak nr. 14/95: Kontrakt, tomtekjøp

VØR mottok 8/2-95 eit framlegg til kontrakt frå KA Aurstad AS, der ein hadde spesifisert vidare arbeid med tomta og prissett dette. I tilbod på tomt frå VØR til KA A A/S var det forutsett at dette arbeidet skulle inngå ei avtale med denne summen som utgangspunkt. Driftsleiar orienterte styret at det er søkt kommunen om å få kjøpe arealet nedanfor VØR.

MØTEBOK 1995

VØR

Det vart halde styremøte i VØR tysdag 23/1-95 kl. 17 på Miljøstasjonen.

Desse møtte:

Ove Lid
Per R. Mork
Kai Raaberg
Hans Ryste
Svanhild Myklebust

Einar Flø
Kjetil Årøen

Det var ikkje merknader til innkalling / sakliste. Styreleiar bad om å få ta med to ekstra punkt under sak «ymse».

Sak nr. 01/95: Kontorhjelpstilling

Driftsleiar fekk i oppdrag å sjekke med arbeidskontoret om ein kan få tilskot til å ha ei stilling i engasjement.

Styret vil ta opp igjen saka om tilsetting/utlysing.

Sak nr. 02/95: Registeringsrunden

Styret tok orienteringa frå driftsleiar til vitande.

Vidare vart det gjort følgjande prinsipielle vedtak:

«Defuse» tilfeller der det er vanskeleg å deffinere eigen buening skal i utgangspunktet reknast som gebyrbetalande eining dersom leigearalet er over 150 m². Dette vert gjort for ikkje å kome i den situasjon at alle hyblar fell utanom gebyrreglane.

Driftsleiar får mynde til å «forhandle» med dei som har lang veg om midlare løysingar, og dermed reduserte gebyr.

Fritidsbustader som ligg i renovasjonsområdet skal vere med i renovasjonen sjølv om eigarar tek med seg avfallet til annan kommune. Dei to siste avsnitta i § 4 gjev i fylgje styret høve til dette.

Dei husværa som har to bueningar, der den eine vert å rekne som «fritidsbueining/leiligheit» kan påleggast halvt gebyr (jamfør fritidsbustad).

Sak nr. 03/95: Vidare planlegging/lånopptak.

Styret i VØR vart samd med driftsleiar at ein burde sjå på eit samlelån (vekta lån) for det som er vedteke av investeringar for 1995. Låneavtalen må vere slik at VØR vert belasta for den delen av lånet som er teke i bruk.

På den måten forenkla ein handsaminga i det politiske systemet, og styret disponerer summen innanfor det budsjettet som er godkjend av kommunene.

Saka vert utsett til ein har motteke tilbod og forslag til lånemodell.

Sak nr. 04/95: Ymse

Styret i VØR vedtek å sende to representantar til NRF konferansen 1995.

Sak nr. 05/95: Kjøp av vinsj.

Samrøystes vedtak lyder:

Styret i VØR vedtek å kjøpe inn ein vinsj som beskrive i tilbod grå Grindvoll datert 14/12-94. Summen på kr. 58.570,- vert vedteke å låne opp i samband med lånopptak som skal dekke konteinrarheiser. I tillegg kjem pris for montering (eige tilbod).

Sak nr. 06/95: Pressestrategi

Styret drøfta korleis ein best «handterer» lokal presse. Bakgrunnen for diskusjonen var at enkelte reagerer på at VØR er for «opne». Styret meinte at informasjon er positivt, men at ein kanskje sterkare poengterer om ein uttalar seg på eigne vegne, eller på vegne av VØR/styret. Ein må og bli betre i å informere internt og forklare synspunktet før tilsette les eit eventuelt intervju i pressa.